



Sunnfjord vassområde
Vestland vassregion

Prosjektplan for Sunnfjord vassområde 2022-2027

Organisering, ansvar og oppgåvefordeling



Samarbeid for bedre vassmiljø



Føreord

Denne prosjektplanen fortel om organisering, ansvar og oppgåvefordeling for drift av Sunnfjord vassområde for perioden 2022-2027.

Planen er godkjent av vassområdeutvalet i møte 25. mai 2021.

Det er ei målsetjing å forankre denne prosjektplanen politisk gjennom vedtak i kommunane i Sunnfjord vassområde.

Oddmund Klakegg
leiar



Innhald

1. INNLEIING	4
1.1. HEIMELSGRUNNLAG OG PLANARBEIDET	4
1.2. PRIORITERINGAR I VASSFORVALTNINGSPLANEN TIL VESTLAND	5
1.3 OM VASSOMRÅDET	5
2. ANSVARET TIL SEKTORSTYRESMAKTENE	6
2.1. KOMMUNANE	6
2.2. FYLKESKOMMUNEN	7
2.3. STATSFORVALTAREN	8
3. ORGANISERING AV VASSOMRÅDET	8
3.1. ORGANISERING	8
3.2. VASSOMRÅDEUTVALET	9
3.3. VASSOMRÅDEKOORDINATOR (VOK)	10
3.4. ADMINISTRATIV GRUPPE	11
3.5. FAGGRUPPER	12
3.6. REFERANSEGRUPPE	12
4. FINANSIERING OG ØKONOMI	12



1. Innleiing

1.1. Heimelsgrunnlag og planarbeidet

Vassdirektivet blei gjort gjeldande i norsk lovverk gjennom forskrift om rammer for vassforvaltning (vassforskrifta) som trådte i kraft 1. januar 2007 (St.prp. 75 (2007-2008)). Vassforskrifta er heimla i vassressurslova (§§ 9, 65), forureiningslova (§9), plan- og bygningslova (pbl) (§§ 3-6, 8-1, 9-7) og naturmangfaldlova (§26a).

Klima- og miljødepartementet har koordineringsansvaret for vassforskrifta på nasjonalt nivå. Arbeidet vert samordna med andre departement som har mynde for vatn etter eige sektorlovverk.

Koordineringsansvar:

Nasjonalt:	Klima- og miljødepartementet
Direktoratsnivå:	Miljødirektoratet
Regionalt:	Vestland fylkeskommune

Eit viktig føremål med vassforskrifta er å sikre ei meir heilskapleg og økosystembasert vassforvaltning i Norge ved utarbeiding av regionale vassforvaltingsplanar og tiltaksprogram etter krav i vassdirektivet. Vassforvaltninga skal virke på tvers av sektorar og administrative grenser, vere systematisk og målretta, kunnskapsbasert og tilrettelagt for brei medverknad.

Vassforskrifta (vf) § 23 gjev vassregionstyresmakta (utpeikte fylkeskommunar) i samarbeid med vassregionutvalet løyve til å dele vassregionen opp i fornuftige vassområde. Vestland vassregion er på dette grunnlag delt inn i ni vassområde. Kommunane er inviterte i eit spleiselag med Vestland fylkeskommune for å finansiere drifta av vassområdet med løn til ein vassområdekoordinator.

Det går fram av vassforskrifta § 29 siste ledd at:

«Godkjente forvaltningsplaner skal legges til grunn for regionale organers virksomhet og for kommunal og statlig planlegging og virksomhet i vannregionen, jamfør plan- og bygningsloven §8-2».

Planforslag som er i strid med godkjent regional vassforvaltningsplan er grunn for vurdering av om motsegn skal fremjast. Det gjeld dei miljømåla som planen set, og krava i vassforskrifta § 12 for å tillate ny aktivitet eller nye inngrep.



1.2. Prioriteringar i vassforvaltningsplanen til Vestland

I høyringsutgåva til vassforvaltningsplanen for Vestland 2022-2027 er følgjande prioriteringar nemnt i tilfeldig rekkefølge (kan verta endra etter endeleg vedteken plan i 2022):

1. Restaurering av vassdrag, klimatilpassing og flaumsikring
2021-2030 er peika ut som FN sitt internasjonale tiår for restaurering av øydelagd natur
2. Arealbruk
Betre rutinar for bruk av § 12 i vassforskrifta (vurdera ny aktivitet og nye inngrep)
3. Vasskraft
Innføre standard naturforvaltningsvilkår i alle regulerte vassdrag
Revisjon av konsesjonsvilkår
4. Avløp
Følgje opp nasjonale føringar av mars 2019 særskilt når det gjeld spreidde avløp etter ureiningsforskrifta kapittel 12 og 13
5. Landbruk
Følgje opp nasjonale føringar av mars 2019 når det gjeld tap av næringsstoff punktkjelder, fysiske inngrep og ureining frå landbruksplast
6. Beskytta område
Beskytte drikkevatt med omsynssoner for å ha godt råvatn
Auka tilsyn med offentlege badeplassar
7. Akvakultur
Målet er å redusere påverknad frå lakselus og rømming av oppdrettsfisk på laks og sjøaure
8. Betre data- og kunnskapsgrunnlaget
Meir kartlegging og oppdateringar i Vann-nett
9. Kunnskapsdeling
Det er behov for betre opplæring og erfaringsutveksling innan vassforvaltning
10. Ressursar – økonomiske og administrative
Sikre finansiering av vassområda

1.3 Om vassområdet

Sunnfjord vassområde omfattar største delen av kommunane Askvoll, Fjaler og Sunnfjord, sørlege del av Kinn og mindre deler av Bremanger, Gloppen, Hyllestad og Høyanger. Grensa til vassområdet følgjer vasskiljet og fell difor ikkje heilt saman med kommunegrensene.

Sunnfjord vassområde strekkjer seg frå kysten i vest til høg fjell på 1808 m.o.h. med delar av Jostedalbreen nasjonalpark i aust. Det er mange små og store øyar langs kysten av vassområdet. Dei største fjordane er Dalsfjorden, Førdefjorden, Eikefjorden, Høydalsfjorden, og Nordalsfjorden. Dei største vassdraga er Gaularvassdraget, Flekke- og Guddalsvassdraget, Jølstravassdraget, Naustdalsvassdraget, Nordalsvassdraget. Det er fleire store innsjøar i vassområdet, og dei med største busetnad rundt, er Jølstravatnet, Haukedalsvatnet, Viksdalsvatnet, Hestadfjorden, og Storefjorden.



Dei største tettstadane er Flørø, som ligg ved kysten, og Førde, som ligg inst i Førdefjorden ved utløpet av elva Jølstra. Det er fleire mindre tettstader i kommunane, og elles er det spreidd busetnad. Vatnet i Sunnfjord vassområde er delt opp i om lag 604 vassførekomstar. Ein vassførekomst er ein avgrensa og betydeleg mengde overflatevatn, som t.d. innsjø, magasin, elv, bekk, kanal, fjord eller kyststrekning, eller delar av desse, eller eit avgrensa volum grunnvatn. Vassførekomstane er inndelt i hensiktsmessige einingar basert på m.a. hydrografi, geografi, vasstype, påverknader og tilstand.

Tilstand og påverknader i vassområdet er nærare skildra i dokumentet «Hovudutfordringar i Sunnfjord vassområde» som er ein del av kunnskapsgrunnlaget til regional vassforvaltning.

2. Ansvar til sektorstyresmaktene

Ansvar til sektorstyresmaktene er beskrive i vassforskrifta og i tilhøyrande rettleiingsmateriale. Statleg, kommunal- og fylkeskommunal sektor, skal vurdere påverknadar, miljømåloppnåing, samt foreslå og følge opp miljøtiltak innanfor eige ansvarsområde. Alle aktuelle sektorar har rett og plikt til å delta i planlegginga når den vedkjem deira ansvarsområde, jamfør (vf) § 22 og (pbl) § 8-3. Dette gjeld også prosessen med å utarbeide dei regionale vassforvaltningsplanane, med tilhøyrande tiltaksprogram (vf) §25.

Vedtak om gjennomføring av tiltak vert treft av ansvarleg styresmakt etter gjeldande sektorlovverk, og regional vassforvaltningsplan med tilhøyrande tiltaksprogram (miljømålet, forslag til tiltak) skal leggst til grunn for sektorstyresmaktas saksbehandling.

Saksbehandlinga til sektorane skal gi ytterlegere avklaring og vurdering av fordeler og ulemper før endeleg avgjerd om gjennomføring vert tatt, og dersom det blir aktuelt å fråvike føresetnaden i vassforvaltningsplanen skal dette rapporterast og grunngeivast i Vann-Nett. Alle tiltak skal vere operative innan tre år etter at tiltaksprogrammet er fastsett (vf § 25).

2.1. Kommunane

Pliktene til kommunen er konkret beskrive på [Miljødirektoratet si heimeside](#). Kommunen er styresmakt på fleire område som påverkar vassmiljøet og vasskvaliteten, herunder avløp, landbruk, vassforsyning, miljø, forureining og arealplanlegging.

Kommunens oppgåver:

Samarbeide

Kommunen skal samarbeide med andre kommunar om å løyse oppgåvene i vassforskrifta i vassområdet.

Delta i planlegging

Kommunen skal delta i planlegginga i vassregionen og vassområdet når planlegginga gjeld kommunen sitt verkeområde.

Bidra til medverknad

Kommunen skal bidra til at innbyggjarar og næringsliv, lokale organisasjonar og sektormynde kan delta i prosessen.

Bidra til å identifisere påverknader og prioritere

Kommunen skal bidra med å identifisere dei menneskeskapte påverknadane på vassførekomstane i kommunen, peike ut dei mest sårbare vassførekomstane, og kva for prioriteringar som skal gjennomførast i planperioden.

Delta i arbeidet med tiltaksprogrammet

Kommunen skal komme med forslag til tiltak der dei har mynde til å betre miljøtilstanden i vassførekomstane.

Spele inn konkrete miljømål for vassførekomstane

Kommunen skal føreslå miljømål for vassførekomstane i kommunen.

Oppfølging

Kommunen skal følge opp tiltak som inngår i tiltaksprogrammet og treffe vedtak etter relevant lovgiving der kommunen er mynde. Tiltaka skal setjast i gong innan tre år etter at tiltaksprogrammet er godkjent.

I sakshandsaming til kommunen skal ein vurdere kost/nytte ved det einskilde tiltaket før det vert konkludert om tiltaket skal gjennomførast.

Når regional vassforvaltningsplan er godkjend av regjeringa skal den leggjast til grunn for all verksemd og planlegging i vassregionen og kommunen.

Vurdere ny aktivitet og nye inngrep

I saker der kommunen er styresmakt skal kommunen vurdere om ny aktivitet eller nye inngrep i ein vassførekomst fører til at miljømål ikkje vert nådd eller at tilstanden vert forringa, og eventuelt om vilkåra etter vf § 12 er oppfylt. Bruk av vf § 12 skal rapporterast til vassregionstyresmakten (Vestland fylkeskommune).

2.2. Fylkeskommunen

Vestland fylkeskommune er styresmakt for Vestland vassregion. Vassregionstyresmakta har prosessansvar og fungerer som koordinerande ledd mellom nasjonale styresmakter og vassområda i vassregionen. Vassregionstyresmakta skal gje rammer og rettleiing for organisering og gjennomføring av arbeidet i vassområdet, og leggje til rette for at dette skjer på ein fagleg forsvarleg måte og innanfor nasjonale fristar.

Fylkeskommunen skal som sektorstyresmakt vurdere påverknadar, miljømåloppnåing, og foreslå og følge opp miljøtiltak innanfor eigne ansvarsområde.

Vestland fylkeskommune bidreg årleg med midlar i eit spleiselag med kommunane om drift av vassområdet. Det vesentlege av midlane frå fylkeskommunen er tilskot frå Miljødirektoratet.



2.3. Statsforvaltaren

Statsforvaltaren er miljøfagleg ansvarleg og rådgjevar i vassregionen og har hovudansvaret for å utarbeide dei regionale overvakingsprogramma i samarbeid med andre sektorstyresmakter og vassregionstyresmakta.

Statsforvaltaren har ansvar for å oppdatere kunnskapsgrunnlaget og å registrere overvakingsdata i Vann-nett i samråd med aktuelle styresmakter.

Statsforvaltaren skal som sektorstyresmakt vurdere påverknadar, miljømåloppnåing, og foreslå og følge opp miljøtiltak innanfor eigne ansvarsområde.

Statsforvaltaren mottar årleg statlege midlar til overvaking, problemkartlegging og andre fagrelaterte prosjekt frå Miljødirektoratet. Vassområda har årleg fått økonomisk tilskot til blant anna overvaking.

3. Organisering av vassområdet


Vassområdet skal fungere som ein samarbeidsarena for kommunar, statlege styresmaktar og fylkeskommunen, for å ivareta oppgåver etter vassforskrifta på lokalt nivå. Alle relevante styresmaktar kan delta i arbeidet. Vassområdet er nærare skildra i [Vannportalen.no](https://vannportalen.no).

Vassområdet skal og vere ein arena der kommunar som deltek i spleiselaget (jf. kap. 4) og vassområdekoordinator kan samarbeide tettare fagleg, og vassområdekoordinator hjelpe kommunane i arbeidet med å følgje opp oppgåvene etter vassforskrifta.

Ein kommune som ikkje deltek i spleiselaget er ikkje fritaken for sine plikter og oppgåver etter vassforskrifta jamfør kap. 2, og må gjennomføre oppgåvene på lik line med andre sektorstyresmakter.

3.1. Organisering

Vassområdets arbeid er organisert som vist i figur 1. Vassområdeutvalet fungerer som styringsgruppe og legger rammene for arbeidet i administrativ gruppe og eventuelle faggrupper. Det er etablert ei lokal referansegruppe for vassområdet.



Figur 1 – Skisse over vassområdets organisering i ulike grupper

3.2. Vassområdeutvalet

Vassområdeutvalet (VOU) fungerer som styringsgruppe for vassområdet, med ein politisk vald (fortrinnsvis ordfører/varaordfører) og ein administrativ representant frå kvar kommune, i tillegg til ein administrativ representant frå fylkeskommunen og ein representant frå Statsforvaltaren. Andre statlege styresmakter blir kalla inn og deltar etter eige ønske. Representantar frå kommunar som ikkje deltek i spleiselaget og statlege sektorstyresmakter har ikkje stemmerett i saker som gjeld årsmelding, rekneskap, aktivitetsplan, budsjett og bruk av midlane til vassområdet. VOU vel sjølv leiar med vara.

Dersom det ikkje er semje om vedtak i styringsgruppa, blir dette avgjort ved simpelt fleirtal. Berre dei politiske representantane frå betalande kommunar har stemmerett. Den som har stemmerett kan ved forfall gi fullmakt til ein politisk eller administrativ representant til å stemme på sine vegne. Dersom det er same tal stemmer for og imot, har leiar (eventuelt møteleiar ved leiars forfall) dobbeltstemme. VOU er vedtaksdyktig når minst halvparten av representantane med stemmerett inkludert leiar eller vara er til stades.

Vassområdekoordinator deltar som sekretær for VOU.

Oppnemning av representantar i VOU

Kommunen vel politisk representant med vara og utpeikar administrativ representant med stedfortreder. Politiske representantar blir valde for aktuell valperiode. Fylkeskommunen, Statsforvaltaren og andre sektorstyresmakter oppnemner representantar etter eigne retningslinjer. Endringar av representantar skal meldast til vassregionstyresmakten (fylkeskommunen).

VOU vel leiar med vara for valperioden.

Vassområdeutvalet - ansvar og oppgaver:

- Ansvar for den overordna framdrifta, fastsetje årlege rammer slik at arbeidet blir organisert på ein føremålstenleg måte og i tråd med føringar og tingingar frå sentrale styresmakter og vassregionstyresmakten, herunder:
 - Fastsetje prosjektplan
 - Handsame årsmelding og rekneskap
 - Vedta aktivitetsplan og budsjett
 - Spele inn framlegg til årleg overvakingsprogram
- Leiar for vassområdeutvalet representerer vassområdet i Vestland vassregionutval.
- Medlemene i vassområdeutvalet skal vidareformidle saker og oppgaver attende til eigen kommune/sector, og skal arbeide for at aktuelle saker blir følgt opp med eventuell politisk handsaming og forankring i eigen kommune.
- Medlemene skal arbeide for at kommunen legg til rette for medverknad i vassforvaltningsarbeidet, for eksempel frå interesseorganisasjonar, verksemder, grunneigarar og andre innbyggjarar.
- Vassområdet kan i spesielle saker gje høyringssvar.
- Utarbeide grunnlagsdokument i samband med revideringa av regional plan for vassforvaltning.

3.3. Vassområdekoordinator (VOK)

Vassområdekoordinator er kontaktperson og sekretær for vassområdet, og utførar det daglege arbeidet. Forutan å drifte vassområdet, jobbar vassområdekoordinator opp mot kommunane som deltek i spleiselaget, for å hjelpe desse i arbeidet med å følgje opp oppgåvene etter vassforskrifta (dei viktigaste punkta er lista opp under). Vassområdekoordinator er tilsett hjå Vestland fylkeskommune.

VOK ansvar og oppgaver:

- Vere koordinator for kommunane, arbeide for at kommunane følgjer opp sine oppgaver etter vassforskrifta.
- Arrangere møte i vassområdeutvalet, administrativ gruppe, referansegruppe og temagrupper etter behov.
- Utarbeide forslag til årsmelding, rekneskap, aktivitetsplan og budsjett og leggje dette fram for administrativ gruppe og vassområdeutvalet.



- Sette i gang og følge opp overvaking, problemkartlegging og utgreiing av tilstand, påverknadar og naudsynte tiltak i vassførekomstane. Gjennomføre anskaffingar ved behov og søkje om tilskot til gjennomføring.
- Hente inn oversikt over tiltaksgjennomføring frå kommunane og rapportere i vannnett.
- Vere fagleg ressursperson for kommunane.
- Samarbeide med relevante instansar inkludert andre vassområde og forskingsmiljø.
- Legge til rette for lokal medverknad og engasjement frå grunneigarar, organisasjonar, næringsliv og lokalbefolkning.
- Tilby orientering om arbeidet med vassforskrifta for politiske utval, kommunestyre og tilsette i kommunane.
- Vere vassområdet sin representant utad, bidra til informasjonsformidling om arbeidet.

3.4. Administrativ gruppe

Hovudoppgåva er å samarbeida tettare fagleg med VOK. Gruppa er samansett av administrative representantar frå kommunane som deltek i spleiselaget i vassområdet. Ved behov kan fleire representantar frå same kommune delta på møte i gruppa, til dømes for å dekke ulike fagområde. I tillegg bør Statsforvaltaren i Vestland som fagansvarleg og fylkeskommunen som prosessansvarleg for vassforvaltingsarbeidet delta. Andre statlege sektorstyresmakter vert invitert ved behov. VOK fungerer som sekretær.

Administrativ gruppe sitt ansvar og oppgåver:

- Vere eit forum for fagleg diskusjon og erfaringsutveksling.
- Delta i utforminga av aktivitetsplan og budsjett før det vert lagt fram for vassområdeutvalet.
- Samarbeide med VOK i arbeidsoppgåver og førebu saker som skal fremjast for VOU.
- Samarbeide med VOK om overvaking, problemkartlegging og fremjing av tiltak.
- Arbeide for at vassforvaltningsarbeidet i kommunen er forankra i kommunen sitt planverk.



3.5. Faggrupper

Faggruppe er relevant innan landbruk og avløy m.m. I kvar gruppe deltek representantar frå relevant fagetat i spleiselagskommunane. Det er ønskeleg at Statsforvaltaren deltek som fagansvarleg i faggruppe for landbruk og avløy. Fylkeskommunen, statlege sektorstyresmakter og lag- og organisasjonar vert invitert ved behov. VOK er sekretær for gruppene.

Ansvar og oppgåver:

- Vere eit forum for fagleg diskusjon og erfaringsutveksling.
- Bidra til at tiltaksprogrammet blir følgt opp innan eige fagområde i sin kommune/sektor, eventuelt gjennom samarbeid mellom kommunar.
- Bidra til rapportering av status for tiltak i egen kommune.

3.6. Referansegruppe

Det er etablert ei lokal referansegruppe for vassområdet. Referansegruppa skal vere talerøyr for ulike interesser, som til dømes friluftsliv, reiseliv, energiproduksjon, landbruk, fiske, naturvern med meir. Referansegruppa er open for alle som ønskjer å delta.

Referansegruppa blir orientert om arbeidet i vassområdet og får høve til å kome med tilbakemeldingar og innspel på arbeidet. Medlemane i referansegruppa kan bli invitert med på relevante temamøte og synfaringar, og bli haldt oppdaterte om det som skjer i vassområdet gjennom deltaking på t.d. e-postliste og nyhende på nettsida. Om det er tilstrekkeleg interesse for det, kan det også bli arrangert møte spesielt for referansegruppa.

4. Finansiering og økonomi

Kostnadar

Kostnadane vil i hovudsak knytte seg til vassområdekoordinator, møter, reiser, kurs, overvaking, problemkartlegging, og utgreiing av tilstand og naudsynte tiltak i vassførekomstane (Tabell 1). Vassområdekoordinator er tilsett hjå Vestland fylkeskommune.

Tabell 1. Samla utgifter for Sunnfjord vassområde per år i prosjektperioden

Kostnadar for Sunnfjord vassområde per år i planperiode (2022 – 2027)	
Vassområdekoordinator (50%), inkl. sosiale utgifter	400.000,-
Møter, reiser og kurs	50.000,-
Overvaking, problemkartlegging og utgreiing av tilstand og tiltak	150.000,-
Årleg sum	600.000,-



Finansiering

Drifta av vassområdet er eit spleiselag der kommunane finansierer 50 % av kostnadane, medan fylkeskommunen finansierer dei resterande 50 %. Fylkeskommunen får midlar frå Miljødirektoratet til spleiselag for drift av vassområda. I nøkkelen for fordeling av kostnadene mellom kommunane (Tabell 2), er det forsøkt å ta omsyn til ulikskapen mellom kommunane samt vektlegge dei problemstillingane som gjer at vassområdekoordinatoren vil bruke tid i kommunen.

Kostnadsfordelinga med grunnlag for kommunane i Sunnfjord vassområde går fram av Tabell 3. Summane vert regulert årleg etter konsumprisindeksen.

Tabell 2. Fordelingsnøkkel for kommunale kostnader i vassområdet.

Grunnlag	Andel
Lik fordeling (grunnsats)	20 %
Folketal	40 %
Jordbruksareal i aktiv drift	40 %
Totalt	100 %

Tabell 3. Kostnadsfordeling mellom kommunar i Sunnfjord vassområde 2022 - 2027.

		Statistikk		Kostnadsfordeling per vassområde			
		Folketal	Jordbruksareal i drift (dekar)	Lik del (kr)	Etter folketal (kr)	Etter jordbruksareal (kr)	Totalt per år 2022-2027 (kr)
K-nr	Kommune	2020	2019	20 %	40 %	40 %	100 %
K-4602	Kinn (statistikk frå Flora 2019)	11 747	16 158	15 000	36 164	14 194	65 359 *
K-4645	Askvoll	3 020	19 595	15 000	9 297	17 214	41 511
K-4646	Fjaler	2 822	17 489	15 000	8 688	15 364	39 051
K-4647	Sunnfjord (utanom Stardalen)	21 263	81 076	15 000	65 460	71 223	151 683 *
K-4650	Gloppen (Vestre Hyen)	127	2 282	0	391	2 005	2 396 *
	SUM Sunnfjord vassområde	38 979	136 600	60 000	120 000	120 000	300 000

*) Kinn, Sunnfjord og Gloppen kommunar har betydeleg areal også i Nordfjord vassområde og betaler til begge. Fast del berre til vassområdet der hovuddelen av kommunen ligg.

Møtegodtgjering til eksterne deltakarar

Vassområdet betalar ikkje møtegodtgjering eller reiseutgifter til medlemmer i vassområdeutvalet eller andre som møter i administrativ gruppe, faggrupper eller referansegruppe.